



Harald Nilsen Tangen er kalla inn til landsdelssamling.

**Harald Nilsen Tangen, son til uskedelingen Rune Nilsen og barnebarnet til Hjørdis Holgersen, tar stadig nye steg i fotballutviklinga. Etter å ha spela på Rogaland sitt krets lag med eitt år eldre gutar, og ha vore på besøk hos den engelske toppklubben Crystal Palace tidlegare i haust, er han saman med 2 andre G14-spelarar frå Rogaland teken ut til landsdelssamling i Trondheim.**

Det er eit svært trangt nålauge ein skal gjennom for å koma på landsdelssamling som er ein del av NFF sin landslagsskule. Samlinga i Trondheim er 4. - 6. desember. Parallellt er det også ei samling i Sarpsborg. Til saman er 55 spelarar på dette alderssteget kalla inn frå heile landet. Det er også samlingar for G15 og jentene i dei same to årsklassane.

Lovande Harald Nilsen Tangen har litt å slekta på. Faren var og ein svært god fotballspelar. Som ung reiste han ut og var innom Bryne i elitedivisjonen før han gjekk til SIF på nivå 2 og var kaptein og svært sentral på laget i mange år. I denne perioden var han høgaktuell for Viking, men han valde å vera trufast mot SIF. Då Viking fekk nei, henta dei inn Bjarne Berntsen frå Figgjo som seinare vart landslagsspelar, og som no er ein av fleire kandidatar til å verta fotballpresident.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland